

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tirsdag 10. september 2024 kl. 17.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Sigrid
Kaffi og kjeks:	Reidun, Fridleif og Sigrid hadde kake med.

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Tilstades: Tormod Stautland, Ida Elin H. Tvedt, Sigrid T. Langøy, Bjarne Petterteig, Marit M. Romfog, Roald Sangolt, Wenche Midttun, Ingebjørg R. Grønsdal, Fridleif Lydersen (sokneprest), Reidun Andersen (sakshandsamar).

Forfall: Heine Kaldefoss, Guro Betten.

SAKLISTE

- 2024/31 - 012.1** **Godkjenning av innkalling og sakliste.**
Vedtak: Godkjent.
- 2024/32 - 012.1** **Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 6. juni 2024**
Vedtak: Godkjent med merknad om ynskje å få innkallinga som pdf.
- 2024/33- 214** **Permisjons-søknad sokneråd og diakoniutvalet – vedtak gjort i AU**
Saksutgreiing: Det er komt ein permisjonssøknad for eit varamedlem i Nysæter sokneråd. Søknaden gjeld fram til 01.01.2026.
Vedtak: Soknerådet ved AU har godkjent permisjonssøknaden.
- 2024/34 - 340** **Nytt medlem til diakoniutvalet**
Saksutgreiing: Det må velgjast nytt medlem til diakoniutvalet, i første omgang ut permisjons-perioden til soknerådsmedlemmet. Personen treng ikkje vere medlem i soknerådet. Fleire personar er spurd, og takka nei.
Vedtak: Soknerådet avventar svar frå ein person som tenkjer på det.
- 2024/35 - 217** **Kyrkjelydsleir Solgry 1.-3. november**
Saksutgreiing: Nysæter sokneråd har fått spørsmål fra Stord sokneråd om me vil ha felles leir i år. Dei har satt opp ein leir 1.-3. november og lurer på om me vil vere med på den. I så fall ser dei for seg at ein av oss er med i komiteen, elles tenkjer dei ikkje anna enn at det vil vere kjekt om me i Nysæter sokn har lyst å vere med på leiren.
Vedtak: Soknerådet ynskjer å vere med på ein felles kyrkjelydsleir med Stord sokneråd, men sidan leiren allerede er godt planlagt ynskjer me å heller vere med frå starten frå neste år. Det er ingen i soknerådet som har mulighet til å vere med i komiteen i år. Nysæter sokn blir uansett oppmoda til å vere med på leiren.

MØTEREFERAT NYSÆTER SOKNERÅD

2024/33 – 210 **Prostestilling i Sunnhordland prosti**

Saksutgreiing: Bjørgvin bispedøme har gjennomført intervju av kandidatane til prostestillinga i Sunnhordland prosti. Sokneråda har høve til å kome med uttale om kven av søkjjarane ein ynskjer at skal bli tilsett. Uttalen frå soknerådet er unntatt offentleghet.

Vedtak: På bakgrunn av utlysningstekst, søknadar og intervju, har Nysæter sokneråd sendt uttale til innstillingsrådet.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Ekstra samling for idemyldring. Sidan samlinga for idemyldring 29.08 vart avlyst, må soknerådet finne ny dato for samlinga. Ny dato blir i januar.
2. Fridleif informerer frå staben. Det er komt ein søkjær til kyrkjelydsmedarbeidarstillinga. Intervju lørdag 14.09.
3. På grunn av mindre ressursar i trusopplæringa må kanskje noko av dei vanlege års-tiltaka gå ut. Nysæter sokneråd ynskjer å gjennomføre LysVaken utan tilsette. Tormod, Wenche og Sigrid ser på dette.
4. Medarbeidarsamling i Nysæter kyrkje for stab og sokneråd 19.09 kl. 16.00-21.00
5. Avskjedsgudsteneste prost 20.10 kl. 17.00 i Stord kyrkje.

Sigrid Theodorsen Langøy
soknerådsleiar
sign.

Reidun Andersen
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd:

Tid: 03.10.2024 kl 19.00-21.00

Stad: Nysæter kyrkje

Opning: Marit